

G.nr. 45 br.nr. 6, Stranda kommune

Magnar Furset, Fursetvegen 293, 6200 STRANDA

28. januar 2023

NVE Konsesjonsavdelingen, Postboks 5091 Majorstua, 0301 OSLO

Høyringssvar på konsesjonssøknad frå Strandafjellet Skisenter AS om dam for oppsamling av vatn til kunstsnøproduksjon

Underskrivne vart i eit møte med Stranda Skisenter AS den 24. jan. 2023, merksam på at konsesjonssøknad for tiltaket er sendt. Alle grunneigarane til Furset sams fjellmark var innkalla. Der vart det og opplyst om kort svarfrist, innan 1. februar d.å.. Eg vil prøve å svare på nokre punkt slik dei kronologisk ligg føre i den ikkje daterte søknaden.

SAMANDRAGET. Det er Ytstegrova som vil bli oppdemt nedst i Langedalen, (ikkje Langedalselva). Langedalselva er eit nylaga namn som ingen har høyrt før og ikkje må brukast. Langedalen og nedslagsfeltet er særslig fjellgrunt der vatnet går meir i urd enn det dannar bekk, eller grov på dialekt. Nedst i Langedalen stansar det litt opp med tydelege bekkkefar, nesten meandererande, gjennom det einaste myr-området i heile dalen. Lenger oppe i dalen samlar vatnet seg i fem små vatn før det renn vidare. Dette seier meg at dammen som eventuelt skal erstatte vassbremsa i myra, vil ha ein heilt anna og ukjent effekt på vassføringa i den bratte Ytstegrova nedover mot Fursetsætra. Dette er ikkje problematisert i søknaden. Ved full dam og styrtregn, som det ofte kan kome i sommar- og haustmånadane, ser eg problemet kome.

Skisenteret har ein avtale med Furset grunneigarlag om uttak av vatn til kunstsnø-produksjon på fellessteigen til grunneigarlaget, (g.nr. 45 br.nr. 28), på vår side av dalen. Avtalen er tenkt å kompensere for tapt kraftproduksjon i Furset el-verk. (Avtalen som ligg som vedlegg nr.9 er ikkje den endelige signerte, og skulle ikkje ha vore spreidd av søker!) Det viser seg at det estimerte uttaket i avtalen, kring 8000 m³, har vore alt for lavt i alle år, og ein har vore opp i 104 000 m³. Vatnet har og vore brukt til kunstsnø utanfor vårt område, på motsett side av dalen.

Avtalen mellom skisenteret og Stranda Energi på 8000 m³, var vi som grunneigarar heilt uvitande om fram til no. Stranda Energi har ingen rettar i vatnet i Fursetelva før ein kjem ned til inntaksdammen til Furset el-verk, ved vegskiftet til Ringstadsætra. Samandraget er avslutta med at konsekvensane for miljø og samfunn er vurdert som små, men middels positiv for drifta av skisenteret. Påstanden om at konsekvensane er små, vil eg heretter argumentere mot.

Pkt.1.2 (side 5 og 6) Her er det dårleg forklart at Stranda kommune har drikkevasskjelda si i Tindeskardvatnet, Svartevatnet og Buvatnet. Konsesjonsvilkåra gir løye til eit maksimalt døgnuttak på 5000 m³, dvs. vel 57 l/sek.. Det er opplyst at ved ulike toppar er det registrert uttak kring slike tal, sjølv om medianen er kring det halve. Uttaket er med andre ord uberekneleg og ujamnt. Med tanke på samfunnsnytta av nok og godt vatn til næringsmiddelkommunen Stranda, kan ein alt no tenkje seg at denne konsesjonsgrensa snart må økast heva. Næringsmiddelbedriftene i Stranda har jamt utvida,

er i utviding og planlegg for meir. Konsekvensen for Fursetelva er ujamn vassføring og mindre vatn til kunstsnø-produksjonen og til energiverket.

Pkt.1.5(side 10) Her står det at vatn frå Fursetelva framleis må pumpast opp til trasèen og den påtenkte dammen, men i «mindre mengde enn dagens uttak på ca 8000 m³». Dette er upresist og villeiande, då ein aldri har vore så lavt i uttak. Naturleg tilsig frå Langedalen til dammen vil om vinteren vere heilt minimal, og vatn til kunstsnø-produksjonen må dermed pumpast opp til dammen med volum berekna til 17 500 m³ (tabell side 12).

Pkt. 2.2.1 (side 14-16) Hydrologien i Langedalen blir her samanlikna med Sleddalen som er over 13 gongar større i areal og ligg med store areal i lågare lende. Det synest vanskeleg for lekfolk å gå imot dei tekniske berekningane. Men Langedalen med stort sett stein og fjell, og der einaste myra skal fjernast, ligg i si heilheit over medianhøgdene i Sleddalen. Dette får meg til å tru at styrtegn vil kunne føre til ubereknelege tilstandar i Ytstegrova når dammen skal stå full av vatn der det før var 4100 m² med myr, (side 44). Arealet på dammen er derimot på 7450 m², (2.2.3 side 16).

Pkt. 2.2.5. Vegen opp til toppstasjonen er bygt etter byggeløyvet som gang- og sykkelveg. Det er lagt avgrensing på bruken utover dette gjennom avtalar. Dambygginga krev ein oppgradert veg og ein ny permanent veg med 20 tons akseltrykk fram til demninga, for både bygginga og seinare tilsyn. Landskapsverknaden av enno ein veg vert vanskeleg å gjøyme. Også kring dammen vil terrenget bli omskapt gjennom bruk av ca 5000 m³ utgravne masser for å kamuflere fronten av dammen og for å leie vatnet frå overløpet i ei steinplastra renne over desse massane. Erfaring tilseier at dette vil føre til erosjon og skitvatn i Ytstegrova heretter.

Pkt. 2.3 (side 17) Her går det fram at fordelane ved tiltaket er i si heilheit av økonomisk karakter. Ulempene er kun eit hypotetisk dambrot. Andre ulempar vil eg utdjupe seinare.

Pkt. 2.4 Det er feil å hevde at det ikkje var merknadar til tiltaket under prosessen for arealdelen av kommuneplanen. Det var fleire påpeika ulempar skriftleg innsendt. Når areal for dam likevel vart ståande i plankartet, var det fordi både politisk og administrativ leiing med tyngde hevda at prosjektet var så lite realistisk at det likevel ikkje ville kome.

Pkt. 3 (side 21 og utover) Om verknaden på miljø, naturressursar og samfunn. Søkjær slår fast (side 23) at konsekvensen for desse saksfelta vil vere liten, men utan ei truverdig grunngjeving. Det er heilt klart grunn til å tru at vatnet frå overløpet i lange tider vil erodere frå massane på utsida av dammen og nedover. Dette vil verke inn på vasskvaliteten for dei som i dag tek vatn frå Ytstegrova. Det er også grunn til å tru at vatnet i ein dam med raske nivåendringar ved inn- og uttapping vil bli ureina pga utvasking av sediment i sider og botn. Dette er ingen stad nemnt, men vil i så fall bli eit praktisk problem for kunstsnø-produksjonen.

Pkt. 3.5. Det er ikkje nemnt funn av rype i avsnittet. Det var heller ikkje venta. Lirypa er knapt sett att i desse områda, og fjellrypa har trekt til høgare og meir utilgjengelege fjell. Langedalsegga, Langedalen og Tuvegga var før sikre rypemarkar, men der skiturismen no har utfreda området også vidare omkring, også ned i skogen. Før var det heilt vanleg å høyre orreleiken frå Skardet over Fursetsætra, no går der skiløype slik det også gjer ned gjennom Langedalen.

Pkt. 3.7. I minst to av vatna i Langedalen har det vore aure. Nedste delen av Ytstegrova har alltid hatt småaure, og har fungert som gytebekk til ovanfor stølen på Fursetsætra. I Fursetelva er det eit

Iakseklekkeri nede ved Fursetvegen. Ved to høve har ein her mist fisken pga ureining i elva. Det er difor alltid utfordrande med anleggstrafikk og –arbeid nær bekkar og elv i dalføret.

Det er på side 28 påvist at tiltaket vil forverre tilstanden for Ytstegrova pga. for lite vatn. Eit enno større problem opplever vi alt i dag i Fursetelva det tre aktørar «tevlar» om det tilgjengelege vatnet. Det er ei kjennsgjerning at Fursetelva mellom Fursetsætra og inntaksdammen for Furset kraftverk til tider har så lite vatn at kraftverket må stoppast. Det er kanskje også grunnen til avtalen av 8. nov. 2007 mellom Strandafjellet Skisenter og Stranda Energiverk, som grunneigarane ikkje har visst om. Her strandar fisken i små grunne dammar og gyteplassar blir tørrlagte. Problemet har vore påpeika frå mi side tidlegare. No ser eg i kopi av eit brev datert 07.09.2007 (ref. NVE 200707744-2 rv/toh) frå NVE til Strandafjellet Skisenter at «NVE konkluderer med at tiltaket ikkje vil føre til skader eller ulemper for allmenne interesser i eit slikt omfang at det er naudsynt med særskilt konsesjon etter vassressurslova § 8». Dette brevet har vore heilt ukjent for meg fram til no. Bakgrunnsopplysningane NVE har basert seg på er 7700 m³ uttak over tre dagar. Dette er i alle år heilt urealistiske tal som vi lenge har sett konsekvensane av. NVE sin føresetnad er at det skal bli «sleppt forbi inntaket ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring --».

Pkt.3.9. Landskap (side 30). Tiltaket er vurdert til å føre til «noe miljøskade». I hovudsak fordi «vannspeilet vil kunne være synlig--». Det er heilt utruleg at sperringa av eksisterande skiløype ned Langedalen her ikkje er nemnt. (kart side 19). I vedlegg 4 er det eit «før og etter»-foto som syner at den naturlege trasèen med terregngfall ikkje lenger kan brukast. Snøbrettkjøyrarar og andre vil måtte opp i berget sør for dammen for å kome forbi. Å etablere ein dam med regulering midt for nedfarts-trasèen er åleine eit farleg tiltak. Med ujamne og til tider ekstreme snømengder, er det også eit problem å sette opp eit fungerande gjerde. Det vil kunne snøe ned og det vil alltid bli utsett for eit stort snøpress.

Pkt. 3.13. Ein slår fast at tiltaket ikkje går ut over dyrka mark eller innmarksbeite. Men det må påpeikast at dette er eit fint område for utmarksbeiting som no kan bli borte, og kanskje også inngjerda, så også dyra må finne seg andre vegar.

Pkt. 3.15. (på side 40). Avsnittet er avslutta med å tilstå at dammen er eit skjemmande teknisk inngrep, men sidan området inntil er sterkt påverka frå før, blir verknaden vurdert som middels positiv! Det kan liksom ikkje bli verre.

Pkt. 3.17. Vi er i ei tid der omgraving av myr og aukande bruk av betong blir sett på som særslig uheldige i samanheng med karbonrekneskapet. Dette er tragisk nok hovedelementa i det planlagde tiltaket. Den uløyves utførte prøvegravinga konstaterer om lag tre meter djup myr i tre prøvegropar. Det kan såleis hefte stor uvisse til mengda av dei berekna utgravingsmassane. Skal ein grave ned til fjell, som det står i søknaden, vil då dette kunne bety at volumet i dammen faktisk kan bli større enn dei berekna 17 500 m³. Det vil gi lenger oppfyllingstid opp til overløp både ved nedbør og pumping.

Pkt. 3.21. Naturmangfaldet har gått sterkt attende i mi levetid. Rype- og orrfuglbestanden er om lag borte. Det verkar og inn på høgare artar som til dømes fjellvåken, som før var fast å sjå og høyre i og ved Langedalseggja. Eg veit ikkje lenger om han hekkar i eit nærliggande gjøl, men han kan vere tilbake pga at hekkepllassen på Sykkylvs-sida fekk skytebane nokså nært innpå seg.

I siste avsnittet står det at utbygginga er i eit sidevassdrag til eit vassdrag som allereie er påverka av reguleringar, «uten at dette påvirker verdifulle fiskebestander». Dette er ikkje råd å hevde utan at ein ikkje bryr seg om elvemiljøet i Fursetelva. Ho har vore og er ei fiskerik debut-elv for born og foreldre. Fangst av småfisk kan gi store opplevingar for debutantar i naturen. At strekninga mellom skisenteret sitt pumpeuttak og el-verket sin inntaksdam har hatt øydeleggjande jo-jo-vassføring har blitt kompensert av nedgang av fisk frå elva lenger ute. Elva har vore ein naturperle, men har tapt mykje av naturen sin pga utbygging altfor nær innpå elva, fjerning av kantvegetasjon, brubygging o.s.v.. Avsnittet 3.21.3. er avslutta med at området er så sterkt påverka frå før at tiltaket i liten grad gir ei auka samla belastning for friluftslivet. Som ein digresjon til ein slik sirkelargumentasjon kunne ein kanskje også argumentert for t.d. vindturbinar til drift av snøkanonene?

Pkt.4.5. Dette er eit viktig tiltak, men det går ikkje fram av søknaden korleis det er planlagt gjort. Skal vatnet samlast oppstraums og leiaast forbi anleggsområdet blir vel også dette eit anleggsområde til liks med det store arealet for mellomlagring av utgravne massar. Det verkar uklart om ein har nok areal?

Det er vanskeleg å vere grunneigar og såleis sett til å forvalte både eigne og andre sine interesser i utmarksområda. I to jordskifte har heimemarka og sætremarka for Furset vore handsama på 60- og 70-talet. I sætremarka vart det lagt inn eit større fellesareal (45/28) avsett for skisenteret sitt behov. Så erfarer vi gong på gong at det har blitt sett i verk tiltak som går ut over desse grensene, og vi har måtta gi etter for presset. No er det fjerde gongen at planlagde tiltak skal skje utanom/ovanfor etablerte område. Området måtte tilmed utvidast med ein stor ekstra teig frå Furset sams fjellmark (45/73). Mi personlege interesse for naturen og det naturgjevne miljøet seier at det no bør setjast ei varig grense for etertida. Kor langt kan eit privat skisenter tillate seg å gå i motsett retning med øydande naturbruk, når dei påviser, (som i 2.3. side 17), at fordelane i tiltaket i si heilheit er av økonomisk karakter.



Magnar Furset, g.nr. 45 br.nr. 6